



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, BirdLife avd. Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Trøndelag fylkeskommune

Molde, 19. april 2024

Høyring - revidering av forskrift om hausting av tare


Vi viser til høyring av forslag til revidering av forskrift om hausting av tare i Møre og Romsdal og Trøndelag med uttalefrist 21. april 2024.

FNF Møre og Romsdal meiner at dagens rulleringsordning for taretrålfelta umogleg kan vere berekraftig så lenge den trålfrie perioda er kortare enn taresamfunnets restitusjonstid. Vi er sterkt bekymra for både torsken, sjøfuglane og sjøskogen ved dagens taretråling. Vi ber om at myndighetene overvakar tareskogane systematisk og klarerer dei ulike aktuelle areala før dei blir hausta. Vi ber også om at taretrålinga har momentan oppdatering på posisjon for trålinga.

Innleiingsvis vil vi seie at slik vi ser det vil den reviderte forskrifta som no er til høyring, vidareførast mykje av den tidlegare. Den verkar å vere framsatt for å gjere klart for meir effektiv tarehausting og verkar ikkje å køyre ei fagleg og objektiv line som viser alle samfunnsinteressene i og ved sjø - det verkar ikkje som plana har teke inn over seg nyvunne kunnskap og eksisterande databasar om sjønatur og våre internasjonale forpliktelsar for å verne også marin natur.

Vi liker overordna planar og opne demokratiske prosessar slik at dei tiltaka som er ønska og som tålast i norsk natur blir rett plassert. Difor verkar det ikkje tillitvekkande at arbeidsgruppa som dei to fylkeskommunane har satt ned for å arbeide med taretråling består berre av næringsaktørar frå fiske og taretråling – kor er dei uavhengige som vil ta vare på sjønaturen?

Ei forsvarleg hausting av tare forutset at myndigheiten innhentar tilgjengeleg data i alle vesentlege tema og vurderer kva ein manglar naturinformasjon om før ein går vidare å tek ei beslutning. Dette har vi blant anna spela inn når kommunane på ytre søre sunnmøre utarbeider sin interkommunale sjøsonenplan. Vi har der peika på at når det gjeld naturtypar som fins i dei fem berørte kommunane her på ytre søre sunnmøre er det gjort noko på land (sjå kart under), men i sjø finn vi lite/ingenting. Vi saknar at fylkeskommunane her ved si tarehaustingsforskrift gjer ein vurdering og kartlegg sårbar natur også i sjø det vere seg hummar, tareskog, korallar etc. og tek inn dette i forskrifta. Dette er jo også i tråd med kva Fiskeridirektoratet har signalisert nyleg (sjå <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Nyheter/2022/vil-ha-bedre-kartlegging-av-sarbar-natur>).



Kart – Naturtypekartlegging på ytre søre sunnmøre (frå Gislink)

Vi les i høyringsnotatet til ny forskrift at; «*Fartøy som høster tare er pålagt posisjonsrapportering og elektroniske rapportering om fangst per døgn, jf. forskrift 21. desember 2009 nr. 1743 om posisjonsrapportering og elektronisk rapportering for norske*

fiske- og fangstfartøy (ERS-forskriften). I tillegg må fartøy som høster tare fra ulike høstingsfelt i løpet av samme døgn angi opplysninger om fangst per felt og før feltskifte.»

Kva med å gjere posisjonen momentant slik at alle (ålmenta) kan følgje med på om taretrålinga skjer på rett stad til einkvar tid ? Dette vil jo føre til meir tillit mellom kystfolket og tarehaustarane ?

Det blir omtala nokre referanseområder i denne høyringa. Slik vi les naturavtalen skal jo minst 1/3 av havområda settast av for marint vern og der må bunnsløpende reidskap såklart haldast unna. Eit kompromiss til å gå imot taretråling i det heile vil vere å foreslå eks at 1/3 av taretrålfelta stengast permanent, og resten leggst i ein mindre hyppig haustingsfrekvens.

Når det gjeld tareskogens restitusjon, viser rapporten til dei årlege miljøovervåkingane Havforskningsinstituttet gjennomfører, og i kap. 3.4 står at «*Resultatene viser at tarens biomasse forventes å være restituert etter ca. 4 år ved Viknas breddegrad, men at økosystemet tar minst 6 år for å komme tilbake etter tråling (Steen et al. 2016, 2020).*»

Vi les med interesse at i Nordland gjerast det no forsøk med ein alternativ forvaltningstrategi ved at høstefelta er delt inn i halve breddeminutt, med sektorer som haustast med henholdsvis 5 års og 10 års intervall. Vi ventar i spenning på resultatet av dette, men meiner at førevar-prinsippet tilseier at dette kan vi jo innføre også her straks. Kva er å tape på å auke til 10 års intervall anna at det kan slå positivt ut for for restitusjon av taresamfunnas produksjonsevne og fører til større ressursutbytte over tid? Kva taper ein på det når det blir påpeikt at ein pr no ikkje haustar meir enn maksimalt ein prosent av taretrålingsarealet ? Økologiens prinsipp tilseier at dagens rulleringsordning for taretrålfelta umogleg kan vere berekraftig så lenge den trålfri perioda er kortare enn taresamfunnets restitusjonstid - då er dette oppskrifta på å øydelegge økosystemet.

Vi frykter ein negativ effekt av taretrålinga på gyting av torsk og andre marine artar og for oppvekstvilkåra for neste generasjon torsk. No kjem det jo ei bølge med oppdrettssøknader på torsk – og vi fryktar at fleire menneskeskapte faktorar lokalt/regionalt spelar saman dei store endringane med auka havtemperatur som pressar torsken ut frå vår kyst.

Vi oppfattar at forskarane meiner at tarehøsting og påvirkning av tareskogens økosystem får negative effekter for sjøfugl, det vere seg å ta vekk matfatet eller å øydelegge sjøskogen dei lever i. Difor er våre spesielt utsatte sjøfuglar og spesielle fuglekoloniar spesielt utsatt for taretråling. Vi ser ingen hensyntagen til dette og det gjer oss leie på vegne av naturen.

Videre les vi i rapport nr. 2020-7 Biomassemodell for stortare: «*Per i dag er det ingen begrensninger i hvor mye som kan tråles i hver sektor. Resultatene fra biomassemodellen fra stortare viste at uttaket i høstefeltene i studieområdet på Møre var ca. 6 % gjennom en høstesyklus på 5 år.*» Rapporten viser vidare til at trålarane haustar på stader innanfor sektoren der dei erfaringsmessig finn mykje tare. Lengden på trålstrekka og kor mykje som trålast avheng blant anna av bunntopografi står det også. Dette tyder vel på at taretrålarane hauster mest der tareskogen er størst og der det er lettast utfrå at botnforholda er enklast



(flatt). Med andre ord vil det vel då etterkvart ikkje bli att meir rik tareskog på flat botn? Dette tyder på at ein må gjere aktive grep om ein skal ta vare på denne naturtypen av den mest naturmangfoldige tarenaturen – ein må opprette referanseområder eller verne desse delana av tareskogane.

Vi leser i rapporten «*TILSTANDSVURDERING AVHØSTEFELT FOR STORTARE I MØRE OG ROMSDAL OG TRØNDELAG I 2022*» at «*Havforskningsinstituttet gjennomførte i mars-april 2022 videoundersøkelser av høstefelt i Møre og Romsdal og Trøndelag som etter gjeldende forskrift er planlagt åpnet for tarehøsting i perioden 1. oktober 2022 – 30 september 2023*». Dette for å gjere ei vurdering av det enkelte tarefeltet utfrå tareskogens tilstand (og kråkebolleforekomstane) slik at tarehaustinga komande sesong skal vere forsvarleg. Dette er jo forbilledleg bortsett frå at dette er basert på stikkprøvebaserte undersøkingar – altså tilfeldigheitenes spel. Dette systemet held jo ikkje, vi treng ein systematisk tilnærming til dette med å klarere taretrålingsfelta slik at vi ikkje går over naturens bereevne. Vi ber myndigheitene sjå på ei ordning der det blir gjort uavhengige undersøkingar for å syte for at sjønaturen tåler dagens taretråling.

Helsing

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal